

KOMMISJONSVEDTAK**av 8. mai 1996****om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til lyspærer med to soklar(*)****(96/337/EF)****KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 880/92 av 23. mars 1992 om en fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 1 andre leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

I medhald av artikkel 5 nr. 1 første leddet i forordning (EØF) nr. 880/92 skal vilkåra for tildeling av fellesskapsmiljømerket fastsetjast for kvar produktgruppe.

I artikkel 10 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 880/92 er det fastsett at den innverknaden som eit produkt har på miljøet, skal vurderast ut frå dei særskilde kriteria for produktgruppene.

I samsvar med artikkel 6 i forordning (EØF) nr. 880/92 har Kommisjonen rådspurt dei viktigaste interessegruppene i eit samrådsforum.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå det utvalet som er skipa i medhald av artikkel 7 i forordning (EØF) nr. 880/92 -

GJORT DETTE VEDTAKET:**Artikkel 1**

Produktgruppa «lyspærer med to soklar» vert definert på følgjande måte: «Alle lyspærer for vanleg lysgjeving som har éin sokkel i kvar ende. Dette omfattar først og fremst alle rette lysstoffrøyr. Røyra må kunne nyttast på det offentlege lysnettet».

Artikkel 2

Innverknaden på miljøet og dugleiken til den produktgruppa som er definert i artikkel 1, skal vurderast ut frå dei særskilde miljø- og dugleikskriteria som er oppførde i vedlegget.

Artikkel 3

Definisjonen av og kriteria for produktgruppa skal gjelde i tre år frå den dagen dette vedtaket tek til å gjelde.

Artikkel 4

For administrative føremål vert produktgruppa tildelt kodennummeret «009».

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 8. mai 1996.

For Kommisjonen

Ritt BJERREGAARD

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 128 av 29.5.1996, s. 24, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 68/96 av 27. november 1996 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(¹) TEF nr. L 99 av 11.4.1992, s. 1.

VEDLEGG

A. MILJØKRITERIUM

For at ei lyspære skal kunne tildelast miljømerket, må alle kriteria nedanfor vere stetta.

Kriterium nr. 1: **Energieffektivitet**

Kriteriet er basert på effekt. Lysutbytet av ei lyspære, målt i samsvar med prøvemetode nr. 24 (1973) til Den internasjonale lyskommisjonen (Commission internationale d'éclairage - CIE), må vere større enn dei terskelverdiane som er oppførde i tabell 1.

Tabell 1

Effekt	Terskelverdi (lumen/watt)
< 10 W	55
≥ 10 W < 18 W	60
≥ 18 W < 33 W	72
≥ 33 W	86

Kriterium nr. 2: **Kvikksølv**

Ei lyspære bør innehalde høgst 10 mg kvikksølv.

Kvikksølvinnhaldet skal prøvast etter den metoden som det er gjort greie for i tillegget til dette vedtaket.

Kriterium nr. 3: **Emballasje⁽¹⁾**

Laminat og samansette plastmateriale må ikkje nyttast. All kartongemballasje må innehalde minst 65 % attvunne materiale (etter vekt).

B. DUGLEIKSKRITERIUM

Kriterium nr. 4: **Produktopplysningar**

i) Desse opplysningane skal følgje med produktet:

«Den innverknaden røyret har på miljøet, minkar når det vert nytta saman med ein elektronisk straumregulator. Innverknaden vert endå mindre ved bruk av ein høgfrekvent elektronisk straumregulator.»

ii) Opplysningar (i form av piktogram eller anna) på emballasjen skal gjere forbrukarane merksame på korleis produktet bør handterast som avfall, og på kva reglar som gjeld for dette.

Kriterium nr. 5: **Levetid**

Den pårekna levetida⁽²⁾ må vere ≥ 10 000 timar, målt etter IEC-prøvemetode 81 (1992). Dersom levetidsprøva ikkje er avslutta, skal den driftslevetida som produsenten har påført emballasjen, godtakast fram til prøveresultatet ligg føre. Resultatet av levetidsprøva etter IEC-metode 81 skal meldast til det ansvarlege organet straks det ligg føre, og seinast 18 månader etter at søknaden om tildeling av miljømerket er innlevert.

⁽¹⁾ Dette kriteriet er mellombels og skal gjelde fram til det vert vedteke ein heilskapsmetode som tek med emballasjetilhøve i kriteria for tildeling av miljømerket.

⁽²⁾ Oppgjeven gjennomsnittleg levetid.

Tillegg

METODE FOR PRØVING AV KVIKKSØLVINNHALD

Det bølgeforma utladingsrøyret skal først skiljast frå den kringliggjande plasten og den tilkopla elektronikken. Klipp av dei tilkopla kontakttrådane så nært inntil glasforseglinga som råd er. Legg røyret under eit avtrekk og skjær det i små bitar. Plasser så bitane i ei kraftig og høveleg stor plastflaske med skrukork saman med ei porselenskule med ein diameter på 1 tomme og 25 ml konsentrert salpetersyre med høg reinleiksgrad (70 %). Lukk flasken og rist henne i eit par minuttar slik at røyret vert pulverisert. Losne på korken med jamne mellomrom slik at det ikkje vert danna overtrykk. Lat innhaldet i flasken reagere i 30 minuttar medan flasken vert rista med jamne mellomrom.

Filtrer deretter innhaldet i flasken gjennom eit syrefast filterpapir, og samle opp innhaldet i ein 100 ml målekolbe. Bland kaliumdikromat i kolben til den endelege kromkonsentrasjonen er 1 000 ppm. Fyll deretter kolben opp til målemerket med reint vatn.

Det skal framstillast ei rekkje standardløyningar innanfor eit konsentrasjonsområde opp til 200 ppm kvikksølv. Løyningane vert analyserte ved hjelp av flammeatomabsorpsjonsspektroskopi ved ei bølgjelengd på 253,7 nm med bakgrunnskorreksjon. Ut frå resultatane og den kjende løysingsmengda er det mogleg å rekne ut det opphavlege kvikksølvinnhaldet i lyspæra.

Dersom det er naudsynt av tekniske årsaker, kan det ansvarlege organet gje samtykke til at einskilde delar av prøvingsmetoden vert tilpassa. Tilpassingane skal nyttast gjennomgåande.